



Me starta i Myri, elder Blokkeberg, som garden eigentleg heiter. Namnet kjem av Blokkeberghaugen. Ut garden til dagleg blir kalla Myri, skuldaft at det fyrr dyrkingi låg ei stor myr her, so dette namnet er altso mykje eldre en garden. Vegen utetter mot elvi er av «nyare» dato; han er rundt 150 år gamall. Gamlevegen gjeff mest rett gjennom der eldste stova stend no, og utetter det som no er dyrka marker. Det er lett å sjå når ein stend heimfyr løfen, ein ser at vegen tek ein sving til vinstre når han kjem ut til tunet, medan han fyrr gjeff mesta beint.

So kom me til den fyrste av dei tvo bruerne i Leirdalen, Strengjabrui. Ho gjeff yver elvi utanfor Myri og burt i Grindodn. Der burte låg ei liti lva tilhøyrande Andersgarden. Brui var ei hengjebri av vaier og netting, med tvo plankerekkjor som ein gjeff på. Det svaia fælt, og artig var det. Dette var no elles ikkje venaste staden i Leirdalen, då han vart brukt som bosplass. Det vart tømt bostad nedetter sfråningen heilt burt til brui. Ein sa at ein førde bostad «på elvi». Ein spanande stad for ungarne. Seinare vart bostad dekkja til med steinar.

Strengjabrui var svært so komfortabel no då, mot då ho var ny. Det var gamle-Anders som bygde henne, og ho bestod då berre av tri vaierar som var spende jamsides yver elvi. Og so sette han seg på ei fjøl og drog seg yver med henderne!

Litt lenger ute, i Jellbakken (tyder bakke med sfrinn vokster), var det ikkje dyrka på nedfida; på fellefen. Der var haugar og kollar, grov grus og stein, buskor og tre, og ørsmåe vatn. Her var det vanlegvis jonsokfeiringi gjeff fyre seg. Det var ein koseleg og lun stad, med elvi brusande forbi nedanfyr. Der låg restarne av eit svært tre; det prøvde me å brenna upp kvart år, men det var utruleg seigsliva. På uppfida var det laga til dam, der ungarne var og bada rett som det var. Det hende ungarne byrja bada

litt for tidleg på året dg, og då var ikkje foreldri alltid heilt gode då dei kom og henta deim heimatt. (Det gneisstra i augo på fa'ren då han kom, var det ei som sagde.) Damen låg fint til, men det var eit problem at grovi som forsynte han med vatn sumetider hadde lite vassføring.

På vinstre sida var gjerde til Rasmushaugen, med hytte og ei stor løe. Deretter gjerde til Andersgarden. På den halvparten som var utmark; brukt til beite for kyrne, stod det eit lite staurahus og ei løe. Løa var bygd på tufti til selet som fyrr stod her, og som no var flutt burt på Fjellstøden. Gamlebrui gjekk i si tid over elvi her, og ein såg tufsterne etter fleire sel og restarne av den store muren som fyrr gjekk rundt heile gjerde. Den muren såg me ogso på høgre sida der gjerde til Erik-Larsgarden låg, med ei stor løe midt på. Heilt yverst låg selet og den neddottne fjøsen. Rett utanfyr låg selet til Vergarden, og restarne av fjøsen. På oppsida var der inngjerda utmark; nytta til beite. Dei bygde på dette bel hytte, og reiv selet. Uppover herifrå gjekk vegen upp til Holten og vidare til fjells. Når ein kom ned att med beist her, fylgde ein vegen på oppsida av gjerdingen ut til grindi. Nedpå gjerde hadde dei ei stor løe, som låg attmed ein svær stein. På nedside av vegen låg gjerde til Hauglund, med hytte og stor løe. Løa hadde opprinneleg vore løedelen til fjøsen på Sølfesthaugen. Nedmed elvi her hadde dei tri kvodnhusi stende. Dei (og ein slakta gris) reiste i elvi i 1926.

Når me so kom ut til avfyrslerne på gjerdi til Vergarden og Hauglund, vart det litt løgje. For der gjekk me vidare i tri-fire meter breid utmark, med steinar, tre og ulende, der vegen svinga seg fram frå eine kanten til hin. Og på bae sidor var der dyrka marker. Til endes på den kom me til grindi. Og no var det me kom ut i naturen. Dystelsmyri låg framfyr oss, med tjukke granfogen oppanfyr, og elvi i ein vid boge rundt nedom. Her stod den andre brui; ei flott gamall trebru, nokso lang, ho stod på mange stoffar i elvi. Det var grind i bae endar. Ein følte ærefrykt kvar gong ein gjekk over; det var ein flott konstruksjon. Vegen burt til brui gjekk på svabergi. På burtside låg selet til Andersgarden, dei hadde dg eitt frammi Storhaug, og millom desse låg Hauglund sitt; det hadde skråtaf. Alle tri hadde fjøs under.

Over Dystelsmyri gjekk vegen meir eller minder synleg, her kunde ein bli blaut på føterne um ein ikkje passja seg. Vegen delte seg fyrr me kom til granerne. Kløvjevogen gjekk på nedside, og heilt ut på elvestråningen eit stykke. Der var det litt skummelt; elvi fråda forbi rett nedanfyr, og vegen heldt på å rafa ut.

Bøstevogen gjekk rett upp i granerne; der vart det brått myrkt og mystisk, alle ljodar vart dempa. Me høyrde knapt at me gjekk; vegen var deffa av eit tjukt lagt med barnålor. Bratt oppover gjekk det, millom mjøse og lyng, til me kom upp på høgdi, der vegen gjekk trongt og frokut fram millom tre og steinar. Litt lenger framme gjekk det ein stikkveg ned til kløvjevogen; på strå heimetter. Det var enno ein veg her lenger uppe, men han vart helst berre brukt av beisti.

Etter å ha runda ein sving og gått gjenom fogen eit lite stykke, opna Tunsbergdalen seg framfyr oss. Lyngkledd og småkupert, og mest ikkje eit einaste tre. Fine moltemyrar var der kvar ein såg.





Her gjekk vegarne saman att, og so dukka vatnet upp, spegelblankt og vakkert, det var reint som me vart bergtekne. Fjellsidorne og grøverne spegla seg so vent, brusfet frå elvi vart veikare og veikare bakum oss, og snart var det heilt stilt. Me ana berre Buskrea i det fjerne, ei humle i lyngen, ein fugl, våre eigne steg. Alt var so stilt og fredeleg. Vegen gjekk stundom oppå, stundom djupt nedi. Der det var vorte for djupt, var det byrja på ny veg på kanten attmed.





Me gjekk forbi "Kvilesteinen", ein flat stein som låg høveleg til i vegakanten, og fram til ei grov som hadde laga eit djupt får neddyver. Der ho rann ut i vatnet, var det ei vik innerter. Der pleidde Andersfarne å ha båten sin. Etersom dei ikkje hadde naust, hadde gamle-Anders hatt for vane at han rodde fram Storelvi og lagra båten under ein hidler um veteranen.



Begen fortsatte frammyver, og so dukka nausti upp. Fyrst fellefnaustet til Rasmushaugen og Hauglund; det var i stein og tre, med halvrufta bylgjeblett oppå. Inni hadde dei kvar sin båt. Og so naustet til Blokkeberg; det var minder, i stein og tre, med torvtaf. Båten var måla i mange gilde fargar. Båtarne var av tre, og vart rodde. På dette bøl vart òg naustet til Erik-Larsgarden oppsett. Det var av tre, med flatt bylgjebletttaf, og stod millom dei tvo andre. Me tykte kanskje ikkje det var so vakkert å sjå på.



Det blir fortalt at ein gong millom 1915-20 vart alle nausti fopa langt upp på Naustmyri av ei svær flodbylgje. Det var på seinvetteren, då det gjekk ei svær snøfrefe på hi sida av vatnet. Ho gjekk gjenom isen, og laga ei flodbylgje som braut seg upp att på hitsida.





Vidare frammyver kom me forbi fine moltemyrar, og no byrja det å smalna av. Framfyr ofs låg Vafsurdi, ei svær, svart urd, som nådde upp nesten heile stupbratte fjellfida. Urdi gjekk rett i vatnet. Svære steinblokkor stakk upp or vafsflata utetter. Der var ein mur med restarne av ei grind i, fyrr vegen byrja vri seg millom steinarne gjennom urdi. Her var det trolsf! Det var helder ikkje fritt for at me feik uppyver for å fjå um det kom eit svært beist dundrande! Men urdi var bra trygg; ho hadde nok fått frå seg det meste. Det såg me på at ho var so myrk.



Det gjekk upp, det gjekk ned, inn og ut, millom steinar store som hus, og so låg flata framfyr ofs. Der stakk det upp ein stor, flat stein, med plass til mange upp-å. Storelvi flaut stilt forbi inni fjørri eit stykke burtanfyr.



Vidare upp på Vassstølen, ein svær åsrygg, som hadde sin like på andre sida av dalen; heiter Dyahaugen. Nett som Vassurdi hev Langurdi på hi sida av fjellet.



Her opna Tunsbergdalen seg framfyr oss i heile sin breidde, det var som me måtte snu hovudet att og fram for å få med alt. Heilt flatt so langt auga nådde beinstrakt frametter fyrr dalen svinga mot vinstre; elvi som bufta seg heimetter, ei mengd med løkar; lyng, busker, myrar, grasfletter; og so stilt, so stilt. Nedpå flati såg me noko lögje; restarne av ei togbane med trekkstol som hadde gange hver storelvi! Her nede hadde det ogso fyrr vore ei flopp hver sïdeelvi som rann tett innåt Vassstølen.





Men no kom me ofs ikkje lenger her. Me reiste ned att til nausti, drog ut båten og byrja ro uthver det store vatnet. Nausti vart mindre og mindre bak ofs; fjugen frå Busfrea auka etter kvart som me kom nærare. Her sette me garn, og kasta steinar for å skræma fisken i fella. Og fiff vart det; store fine aurar. Vidare framhyver, lyden av årarne let høgt då det elles var stilt rundt. Det såg ut som me skulde ro ofs på land, men so gleid båten gjenum ei smale vik, og Betlevatnet opna seg framfyr ofs. Nesten trill rundt, med bratte fjellside upp til vinstre, Dyahaugen framansfyr, og tett sfog og fjørr mot elvi på høgre side. Me kunde sjå aurarne hoppa og spretta etter flugor og my.

Uti med oteren, og ro rundt og rundt. Fiskarne var mindre, men like gode. Me gjekk i land i nedkant av Betlevatnet og opphyver nokre bakkar under fjellside, no skulde det steikast aure! Her var me på gamle tuftor; me såg restarne av selet og læa som hadde høyrte til Blokkeberg.

Og so skulde me framhyver Tunsbergdalen. Me batt båten godt nedansfyr Dyahaugen og byrja gå. På Dyahaugen var der ein lun leirplafs millom høge loddrette fjellknausar. Der stod ei rusta omnspipe millom steinblokkerne.

Det var fint å gå frametter, som å spasera på eit stovegolv.



Me gjekk lenger en langt, og kom etter kvart forbi tri læer, og burtansfyr elvi låg Tunsberghaugen, med eit sel gøymt inni sfogen. Fyrr låg det enno eit sel der. Det gjekk fint an å vada elvi her, var ho ikkje for stor.




I gamle dagar flo dei gras kvar fumar, difor var det mange løer og småe fel rundt omkring i dalen.

Og so hadde me enden på dalen framfyr oss, med Tverradalen upp til vinstre, og Tunsbergdalsbredden til høgre. Ein lang og rimeleg flat bredarm frå Jostedalbredden. På vinstre sida eit stykke fram på låg Brimkjedlen, ein inneklemd sidedal med flotte istårn. Bettestid var dette eit ynda turmål.

Upphyver mot Tverradalen fekk me fint utfsyn mot bréden, og mot dalen under oss. Vegen gjekk opphyver på vinstre sida av Tverradalselvi. Nesten uppe måtte me hyer elvi; me hoppa på steinarne, for floppi var det berre nokre stoffar att av.



Vel uppe kom me fyrst til selet i Pergarden, og so Erik-Larsgardselet. Dette hadde fyrr høyrte til Blokkeberg.





Burtanfyr låg det gamle Eirik-Larsgardselet, alldeles neddotte.



Me fette ofs og tok ei matytt; det var fint å sitja og sjå nedhyver dalen og frametter bréden. Men me fekk liksom ikkje sèt nok heimetter, for dalen gjorde ein brå sving og kutta utshynet. Lurte litt på namni, her me sat uppi det som fyrr vart kalla Tværdalen. Tunsbergdalen skulde vera uppattkalla etter Tunsberg, eit berg på vinstre sida lenger nede. Og bredden skulde ogso vera uppattkalla etter same berget, for heitte han ikkje upphaveleg Tunsbergbredden? Og Tunsbergdalen rekna ein fyrr starta traft framansfyr vatnet, som upprinneleg heitte Leirdalsvatnet? Eller?

Her hadde det nok vore mykje liv i gamle dagar, men no var det so stilt, so stilt. Det var som alt heldt pusten, og berre venta på at vatnet skulde koma sigande sakte frametter, for til slutt å fylla heile den vakre Tunsbergdalen med fjøvande, iskaldt brédvatn...

### Etterord.

... Og den tid skulde koma. Men Tunsbergdalen hev vore gjennom mykje, og slett ikkje sétt slit ut som han gjorde på denne turen alltid.

Upprinneleg, etter at isen hadde trekt seg upp i Leirdalen og so nesten fram dit han er i dag, var vel heile Tunsbergdalen ein stor innfjø. Men etter kvart fylte elvi upp dalen med masse, og det vart land lenger og lenger heimetter. Til slutt vart det slit som no, med Store- og Vetlevatnet. Men elvi vilde fortsetja å renna, og ein gong inn i framtidi vilde Storevatnet vorte heilt vekke.

Og kanskje vil bredden ein gong byrja auka att, og sopa Tunsbergdalen, demningen og heile Leirdalen ned på Leirmøyngarden. For so å trekkja seg sakte attende, og skapa ein ny Tunsbergdal. Slett ikkje utenkjande, han hev gjort det fyrr.

\* \* \*